

# Beredskapsplan Ål Kulturskule

---

Ål Kulturskule følger dei råd, tilrådingar og pålegg som er gjevne i dei nasjonale smittevernrettleiarane for skule, og i den nasjonale smittevernrettleiaren for kulturskulene.

Smittevernstyresmaktene nasjonalt og/eller lokalt avgjer kva for nivå tiltaka skal leggest på.

## Mål med beredskapsplanen

*Sikre at elevane får opplæring i samsvar med kulturskulen sin lokale og nasjonale rammeplan, og ivareta smittevern.*

---

## Kontakt med smittevernstyresmakt og endring av tiltaksnivå

Meldingar om endra nivå går frå smittevernstyresmakt v/kommuneoverlege til kommunalsjef for oppvekst, som formidlar melding til rektor ved kulturskulen.

---

## Lokale planar for kontaktreducerande tiltak i raud og gul situasjon

Kulturskulen utviklar lokale planar for gult og raudt tiltaksnivå. Dei lokale planane skal ivareta følgjande tre grunnpilarar for å bremse smittespreiing:

1. Sjuke personar skal ikkje vera på skulen
  2. God hygiene (handhygiene, hostehygiene og reinhald)
  3. Redusert kontakthypighet mellom personar
-

## **Forsterka reinhald**

Kulturskulen opprettar, i samarbeid med avdeling reinhald, plan for forsterka reinhald i kulturskulen sine lokaler

---

## **Handlingsplan ved eventuell smitte**

1. Føresette/tilsette varslar rektor umiddelbart etter melding om positiv test
2. Rektor vil, i samråd med kommuneoverlegen, berekne smittetidspunkt
3. Hovudregel er at dei personane som eleven/den tilsette var i nærkontakt med 24 timar før sjukdomsutbrot er utsette for smitte. Skulen vil umiddelbart kartlegge kva for personar den smitta eleven/læraren var i nærkontakt med, dersom vedkommande var på skulen i smitteperioden.
4. Skulen vil kontakte kommuneoverlegen og sende navneliste (navn, postnr. samt føresettes kontaktinformasjon) til kommuneoverlegen.
5. Kommuneoverlegen vil kontakte føresette/elevlar/tilsette for planlegging av testing og/eller evt pålegg om karantene.
6. Rektor vil informere alle tilsette via interne kommunikasjonskanalar, og ved behov også andre føresette og elevlar, dersom nokon får påvist smitte.
7. Rektor er kontaktpunkt for spørsmål: [rannveig.oygardslia@aal.kommune.no](mailto:rannveig.oygardslia@aal.kommune.no) eller 97556457